

STYRESAK

GÅR TIL: Styremedlemmer

FØRETAK: Helse Bergen HF

DATO: 22.03.18

SAKSHANDSAMAR: Clara G. Gjesdal/Kari Christensen

SAKA GJELD: **Internkontroll Helse Bergen – Plan for interne systemrevisjonar 2018-2021**

STYRESAK: 36/18 0

STYREMØTE: 22.03.2018

FORSLAG TIL VEDTAK

1. Årsrapport interne systemrevisjonar 2017 tas til orientering.
2. Evalueringsrapport, interne systemrevisjonar Helse Bergen HF Haukeland universitetssjukehus 2014-2017 tas til orientering.
3. Internkontroll Helse Bergen - Plan for interne systemrevisjonar Helse Bergen HF 2018-2021 tas til orientering.

Oppsummering

Revisjonsarbeid er ein av fleire metodar som føretaket brukar for å oppfylle plikta til å evaluere verksemda. I perioden 2014-2017 er det gjennomført interne systemrevisjonar etter valt modell og metodikk. Erfaringar frå desse åra danner grunnlag for vidare utvikling av arbeidet med interne systemrevisjonar. Ny revisjonsplan 2018-2021 er utarbeidd.

Fakta

Eit av formåla med å utføre intern revisjon er organisatorisk læring og kontinuerleg forbetring. I tillegg gir det einingane god trening opp mot jamt tilsyn frå ulike tilsynsmyndigheiter/ekstern revisjon. Ansvar for læring etter ein intern revisjon ligg til leiinga i den enkelte nivå 2-eining. Stabseiningane hjelper til i arbeidet med saksbehandling av funn.

Ein ser at kontakt med nivå 2-einingane er nyttig. Det blir derfor anbefalt at alle nivå 2-einingar blir reviderte innanfor ein gitt planperiode, men at rulleringa blir utvida til fire år, mot tre år tidlegare.

Det blir foreslått at det reviderast på tema systematisk internkontrollarbeid ved kvar revisjon, med eit til to tilleggstema. Utveljinga av tilleggstema vil vere risikobasert, og det vil vere mogleg å endre/ta inn nye tema i planperioden.

Med den modellen internrevisjonen har gjennomført, er det tydeleg at det går for lang tid før det er samla inn nok data til å seie at revisjonsfunn har eit aktuelt læringspotensiale. Dette er særleg viktig der eit funn kan ha alvorlege konsekvensar.

Som forbetringstiltak vil ein i det vidare revisjonsarbeidet derfor foreslå følgjande endringar:

- Lengre planperiode
- Færre revisjonstema
- Revisjon gjennomførast tematisk med kortare tidshorisont
- Endra rapportering for å styrke arbeidet med oppfølging og læring på tvers
- Nye tema: informasjonstryggleik, handtering av humane celler og vev, samarbeidsavtalar, pasientadministrative rutinar, miljøoppfølgingsplan, byggprosjekt og omstilling

Det vil bli utarbeidd og publisert oppsummeringsrapportar per revisjonstema. I tillegg vil det bli utarbeidd ein årleg oppsummering frå revisjonane som blir lagt fram for styret, føretaksleiinga, FAMU og i utval for pasienttryggleik. Oppsummeringa brukast også som kjelde i den gjennomgangen av arbeidsmiljø/ytre miljø/internkontroll og kvalitetsstyring som leiinga har.

Kommentarar

Interne systemrevisjonar på mange tema slik Helse Bergen HF har gjennomført dei siste tre åra, gir grundig og omfattande informasjon om verksemda, men er ressurskrevjande. Årsrapporten 2017, vurderingane i evalueringsrapporten pluss informasjon innhenta i møter med fagrevisorar og leiarar, dannar grunnlag for ny revisjonsplan. I det vidare arbeidet blir talet på tema ved kvar revisjon redusert, men samtidig må perspektivet på systematisk internkontroll bli tatt i vare. Utveljing av tema vil i større grad vere risikobasert, og eit eksempel her kan vere risiko i intern samhandling mellom einingar. Nye revisjonstema for planperioden er foreslått.

I det vidare arbeidet vil ein i større grad dra nytte av lokale inspeksjonar og internkontrollaktivitetar som grunnlag for å vurdere risiko og nye aktuelle revisjonsområder.

Konklusjon

1. Årsrapport interne systemrevisjonar 2017 tas til orientering.
2. Evalueringsrapport, interne systemrevisjonar Helse Bergen HF Haukeland universitetssjukehus 2014-2017 tas til orientering.
3. Internkontroll Helse Bergen - Plan for interne systemrevisjonar Helse Bergen HF 2018-2021 tas til orientering.

Vedlegg

1. Årsrapport interne systemrevisjonar 2017
2. Evalueringsrapport, interne systemrevisjonar Helse Bergen HF Haukeland universitetssjukehus 2014-2017
3. Internkontroll Helse Bergen - Plan for interne systemrevisjonar Helse Bergen HF 2018-2021